



## Referat frå soknerådsmøte

**Tid: torsdag 11. jan 2024 kl. 16.30 – 18.00**

**Stad: Kyrkjestugu**

Frå kl 16.10 vart det servert mat i kyrkjestugu, v/Anne Kjersti. Takk for maten!

### Til stades:

<i>Liv Asdahl Solberg</i>	<i>Leveld sokn</i>
<i>Inger Haug</i>	<i>Leveld sokn</i>
<i>Frøydis Stoveland Dekko</i>	<i>Torpo sokn</i>
<i>Arne Slåtten</i>	<i>Torpo sokn</i>
<i>Anne Kjersti Frøyen</i>	<i>Ål sokn</i>
<i>Audun Vestenfor</i>	<i>Ål sokn</i>
<i>Ingrid K Hajem</i>	<i>Ål sokn</i>
<i>Inger Elise Kaslegard</i>	<i>Leveld sokn</i>
<i>Geir Wiknes</i>	<i>Sokneprest</i>

*Arild Øystese Hansen, Ål sokn, hadde meldt fravær på forrige møte.*

**Opning** v/ Ingrid: Jens Bjørneboes dikt «Natten».

### Saksliste

#### **Sak 75/24 Godkjenning av innkalling og referat frå førre møte.**

Marianne Laa er ved ein menneskeleg glipp ikkje innkalla som vara for Arild Øystese Hansen.

Fråvær må meldast tydeleg og i god tid.

Ingen merknader til referat.

Ingen merknader til utsett møte 7. desember 2023.

#### **Sak 76/24 Møtestruktur**

*Kva for møteskikk ynskjer me, kva er viktig for å ha god driv og ordveksling i møta?*

Vanleg møteskikk er å forvente.

Å ha ein anerkjennande veremåte gir trygghet. Trygghet for å komme med meiningane sine Ikkje ta ordet frå andre sjølv om ein er engasjert.

Vi ønsker at leiaren leier oss og seier frå under møtet og hjelper oss til å holde oss til saklista. Det må vere rom for debatt og ueinigheiter, og det bør vere rom for temperatur.

Ueinigheit er ikkje konflikt. Ueinigheiter gir oss utvikling og vi utvidar perspektivet når vi har ein diskusjon. Det blir som å tenke høgt saman gir oss ein prosess

Me har ulike roller, ingen stemmer er viktigare enn andre. Dette er eit offentleg ope møte, som gir oss eit ansvar til ein progresjon. Dette kan lesast om på side 36 i [handboka](#).

#### *Felles bøn før eller etter møte?*

Vi bestemmer oss for at det er naturleg å starte med Fadervår og ei lita innleiing. Dette skal gå på rundgang.

#### *Oppstår det ting me reagerer på eller er ueinig i – kven og kor er rett adressat?*

Soknerådet er valde som representantar for Den Norske Kyrkja. Vi har eit val når vi blir konfrontert med misnøye/attendemeldingar som representantar. Dersom nokon tek kontakt som gjeld tilsette må vi informere om at det skal takast direkte med leiar. Evt at dei tar det opp med den det direkte gjeld.

Gjeld det prestetenesta er det prost som skal kontaktast, gjeld det andre ansatte er det kyrkjeverje.

Vi kan også ta opp saker direkte her i soknerådet.

Vi er lojale mot det som er bestemt i møtene.

Vi snakkar *med* og ikkje *om*.

### **Sak 77/24 Utval**

Nokon har meldt frå om kvar dei ynskjer å delta – AU har sett opp forslag til fordeling i dei ulike utvala. Vi tek ansvar sjølv i dei aktuelle utvala for å knytte til oss andre som kan bidra. Val i møtet 13.02.24.

Leveld ynskjer sterkt å behalde eige diakoniutval. Dei har ei velfungerande gruppe som ynskjer å halde fram slik som no.

Vedtak om å ha eit felles diakoniutval og at det er ei eigen nemd i Leveld.

Nemda i Leveld:

Kåre Berg

Else Karin Veslegard

Ingvard Solberg

Inger Lise Kaslegard

### **Sak 78/24 Offerlister**

#### **Vedtak;**

Dato	Tittel	Takkoffer
21/1	HEILT ENKELT	Mercy Ships
6/2	Samanes nasjonaldag	åpent
14/2	Askeonsdag	Sjømannskyrkja

Offerlista er vedteke frem til 28.03.2024. Se vedlegg .

I prinsippet kan kollekt gå til kva/kven ein vil. Men vi er forplikta til å la ein viss andel gå til Misjonsprosjektet.

AU har moglegheit for å gjere om lista ved eventuell katastrofe eller spesielle hendingar. Kven sendte vi takkoffer til i fjor? Det ynskjer vi å få oversikt over.

### **Sak 79/24 Økonomiansvarleg for alle sokn.**

Det har tidlegare vore ein økonomiansvarleg for kvart sokn.

Forslag; val av ein økonomiansvarleg for alle tre sokna.

Guro Stave v kyrkjekontoret blir invitert til Soknerådsmøte den 13.02, der ho kan orientere om rekneskapen i dei ulike sokna. Budsjett blir lagt i etterkant av dette.

### **Saka vart utsett!**

### **Sak 80/24 Kyrkjelydsbladet**

Kva gjer vi no? I dag er det ingen som har tatt på seg dette arbeidet. Drøfte ulike måtar for å vedlikehalde kyrkjebladet.

### **Saka vart utsett! Vi treng å bruke god tid på saken.**

### **Sak 81/24 Fastsette dato for årsmøte i sokna.**

Forslag om felles årsmøte for sokna i april/mai.

Vi blir einige om å fastsetje dato på neste møte.

Innhald i årsmeldinga må vere klar i vårt marsmøte.

### **Sak 74/23 Eventuelt.**

Ingen saker.

Kven opnar neste soknerådsmøtet?

Liv Solberg.

### **Orienteringssaker**

Minner om;

Bispevisitas veke 11. Dette er i perioden 12.-14.3.

Det blir eit møte mellom biskop og sokneråd onsdag 13.3. kl. 19.00.

Gudsteneste på Ål 17.03.24 kl. 11.00 med kyrkjekaffi v/soknerådet.

Drop in- dag for dåp og bryllaup 14.02.24 i Ål Kyrkje (Valentinsdagen).  
Frivilligsamling for nye og gamle 15.febr. kl. 17.00 i Kyrkjestugu.

Ref. Ingrid Konradsdatter Hajem

Referat sendt til;

*Medlemmer:*

Anne Kjersti Frøyen	Ål sokn
Arild Øystese Hansen	Ål sokn
Ingrid Hajem	Ål sokn
Audun Vestenfor	Ål sokn
Liv Solberg	Leveld sokn
Inger Haug	Leveld sokn
Arne Slåtten	Torpo sokn

*1vara medlemmer:*

Marianne Laa	Ål sokn
Inger Elise Kaslegard	Leveld sokn
Kari Kristine Flatland	Torpo sokn

*Andre:*

Prost  
Kyrkjeverje  
Postmottak Ål kyrkje